

MÖTE I BYGNINGSRÅDET I RADÖY, 5. OKTOBER 1971

Desse møtte: Leif V. Mjøs, Åge Sæbø, Martin Frantzen,
Martha Grindheim og Einar Borgund.

28/10-71
192/71. Søknad frå Magnus Kvalheim, Bøvågen, om löyve til oppføring av 4 transportable hytter på gnr. 28, bnr. 3 Kvalheim i Radøy.

VEDTAK: Saka vert utsett til bygningsrådet har teke synfaring på staden.

28/10-71
193/71. Søknad frå Hedvig Sætrevik, Sæbøvågen, om löyve til frådeling av tomt med våningshus på gnr. 87, bnr. 6 Sæbø i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner frådelinga.

28/10-71
194/71. Søknad frå Norvald Helland, Sydneskleiven 6, Bergen, om löyve til oppføring av hytte på gnr. 38, bnr. 9 Helland i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner den förelagde planen. Byggherren må retta seg etter eventuelle seinare pålegg frå helserådet vedkomande kloakkutsleppet.

28/10-71
195/71. Byggemelding frå John Bauge, Manger, for oppføring av bustadhus på gnr. 45, bnr. 135, tomt nr. 57 på reguleringsplanen for Manger sentrum.

VEDTAK: Saka vert utsett då det er ymse ting med planlöysinga som bør drøftast med byggherren.

28/10-71
196/71. Byggemelding frå Kåre Valdernesnes, Bøvågen, for tilbygging av bustadhus på gnr. 21, bnr. 27 Sylta i Radøy.

VEDTAK: Bygningsrådet godkjenner den förelagde planen. Byggherren må retta seg etter eventuelle seinare pålegg frå helserådet vedkomande kloakkutsleppet.

28/10-71
197/71. Søknad frå Olav Ukvitne, Odda, om löyve til å föra opp garasje på gnr. 45, bnr. 148, tomt nr. 51 på reguleringsplanen for Manger sentrum.

VEDTAK: Bygningsrådet meiner at garasjen bør oppförast som tilbygg til bustadhuset då frittliggjande garasje på denne plassen vert dominerande. Bygningsrådet vil koma tilbake til saka når nærare plan ligg före.